



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Christine Knag, +47 55572067

Vår dato
25.08.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/9628 461.3
Dykkar referanse

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 Lonevåg

Rapport frå inspeksjon ved Daltveit vassverk 17. august 2016

Rapportnummer: 2016.055.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå kommunen:
Jan-Ove Flatås
Roald Hovden

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Anne Christine Knag
Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar resultat frå inspeksjonen ved Daltveit vassverk 17. august 2016. Rapporten er endeleg, dersom vi ikkje får melding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland 3 avvik og har gitt 1 merknad under inspeksjonen innan følgjande tema:

- løyvet datert 25. juni 1999
- internkontroll
- kjemikal

Avvika og merknaden er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Daltveit vassverk må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. november 2016** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Med helsing

Sissel Storebø
seniøringenør

Anne Christine Knag
overingenør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1. Informasjon om kommunen

Namn: Daltveit vassverk, avd. Daltveit	Risikoklasse: 4
Besøks- og postadresse: Rådhusplassen, 5282 Lonevåg	
E-post: post@osteroy.kommune.no	Telefon: 56 19 21 00
Kommune: Osterøy	Organisasjonsnr.: 974774682
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130	Eigar (org.nr.):
Løyve gitt: 25. juni 1999	Siste tilsyn:

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannens risikobaserte industritilsyn for i år.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll
- risikovurdering
- utsleppskontroll
- farleg avfall
- kjemikal
- løyvet datert 25. juni 1999

Rapporten omhandlar avvik og merknader som blei avdekka under inspeksjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

3. Oppfølging etter kontrollen

Kommunen pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. november 2016** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta, gjerne med billedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. november 2016**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må kommunen betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 8. juli 2016 at Daltveit vassverk vil få eit gebyr på 4 800 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette er gebyrsats 4. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

Kommunen har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har fått denne rapporten, jf. forvaltningslova § 28. Klagen må innehalde den eller dei endringane de ønskjer. Den bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen.

5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrolllova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 25. juni 1999

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Kommunen stettar ikkje vilkår i utsleppsløyvet

Avvik frå: Utsleppsløyvet etter forureiningslova datert 25. juni 1999

- a) Vaskevatn frå membranfilter vert ikkje samla opp, jf. punkt 1.3 i løyvet
- b) Kommunen har ikkje utført ei estetisk vurdering og biologisk gransking av begroing og bunndyr i elva, jf. punkt 1.8 i løyvet
- c) Kommunen har ikkje varsla Fylkesmannen om avvik frå dei gjevne krava, jf. punkt 2.3 i løyvet
- d) Kommunen har ikkje inkludert varsel til Fylkesmannen ved akutt forureinsing i beredskapsplanen, jf. punkt 2.4 i løyvet

Kommentar til punkt a:

Det er sett krav i løyvet om at vaskevatn frå dei årlege hovudvaskane av membranfilter må samlast opp og kjørast til godkjent stad for vidare handtering.

Avvik a er basert på følgjande observasjonar:

Kommunen har montert ein ventil på uttaket i fordrøyningstanken. Ved hovudvask vert ventilen stengt og sugebil pumpar opp vaskevatnet frå tanken. Denne ventilen fungerer ikkje lengre og kommunen kan dermed ikkje samle opp vatn i fordrøyningstanken. Sjå bilete 1.

Kommentar til punkt b:

Det er sett krav i løyvet om at fagkyndig personell skal utføre granskingar av resipienten. Frist for å sende resultat av den til Fylkesmannen var 1. januar 2001.

Avvik b er basert på følgjande observasjonar:

Kommunen har dokumentasjon på elektrofiske nedstrøms konsentratutsleppet. Resultata av den er ikkje sendt til Fylkesmannen. Kommunen har ingen dokumentasjon på andre granskingar som eventuelt har blitt gjennomført. Kommunen antar sjølve at det ikkje har vore utført ytterlegare granskingar av resipienten.

Kommentar til punkt c:

Det er sett vilkår om at dersom kommunen har avvik frå dei gjevne krava så skal forureiningstyrsmaktene varslast.

Avvik c er basert på følgjande observasjonar:

Fylkesmannen har ikkje blitt varsla om avvik, til dømes om manglande oppsamling av vaskevatn frå hovudvask grunna ventil som var defekt sidan 2015. Ombygging av anlegget i 2011 for å auke vassproduksjonen har heller ikkje vore varsla, sjølv om aukinga i produksjon førte til auking i mengde konsentratvatn. Kommunen har i dag eit dagleg utslepp av 700 m³ konsentratvatn, som er 250 m³ høgare enn opprinneleg søkt.

Kommentar til punkt d:

Akutt forureining skal varslast forureiningsstyrsmaktene. Fylkesmannen kan varslast ved e-post til fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Avvik d er basert på følgjande observasjonar:

Varsling av akutt forureining var ikkje ein del av kommunen sine prosedyrar.

Avvik 2: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø**Avvik frå:**

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6 og 7
- Løyve etter forureiningslova, punkt 2.6

Kommentar til regelverket:

Et internkontrollsystem skal sikre at kommunen overheld krava som er satt i forureiningslova, i produktkontrolllova og relevante forskrifter. Både arbeidet med risikovurdering og rutinar skal vere skriftlig. Skriftlige rutinar bidrar til å sikre at alle ledd i organisasjonen har same informasjon.

Skriftlege rutinar

Kommunen skal ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot fastsatt i eller i medhald av lov eller forskrift.

Arbeidsrutinar må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Risikovurdering

Kommunen må kartlegge og vurdere risiko for forureining for si daglege drift. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderinga, må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikoen. Det må òg etablerast rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket.

Risikovurderinga skal utarbeidast i samarbeid med dei tilsette. Dette er viktig for at alle skal få eigarskap til prosessen, og for at alle farar skal bli vurdert. Prosesser som bør vere med i risikovurderinga til kommunen for ytre miljø, er mellom anna:

- Tidlegare hendingar
- Mulige/sannsynlige hendingar
- Hendingar som mest sannsynlig ikkje vil skje, men der konsekvensen er stor om det skjer

Risikovurderingar skal gjerast jamleg, til dømes når det skjer endringar i kommunen, i utsleppsforhold og i regelverk eller ved skifte av utstyr og kjemikalier.

I samband med risikovurderinga skal det utarbeidast ein handlingplan med risikoreducerande tiltak, med fristar for gjennomføring og ansvarleg for gjennomføring.

Avvikshandtering:

Kommunen må ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Dette inneber blant anna å ha eit aktivt avvikssystem.

Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentakning av feil og manglar. Det er viktig at alt personell i alle ledd har ein felles forståing om kva som skal registrerast som avvik.

Avvik 2 er basert på følgjande observasjonar:

Osterøy kommune har etablert internkontroll for Vatn og avlaup avdelinga, og Daltveit vassverk er omfatta av denne. Internkontrollhandboka har manglar når det kommer til ytre miljø. Til dømes når det gjeldar:

Skriftlege rutinar

Kommunen manglar prosedyrar knytt til ytre miljø, til dømes prosedyrar for

- arbeid med tømning av fordøyingsstank
- handtering av slam frå årleg vask
- substitusjon av kjemikal

Risikovurderingar

Kommunen har gjort ei risikovurdering (ROS-analyse) 1. juni 2010, denne ble revidert i 2015. Risikovurderinga er ikkje gjort anleggspesifikk for Daltveit vassverk. Ytre miljø er ikkje tatt med i denne. Til dømes er ikkje utslepp til Daltveitelva inkludert i risikovurderinga.

Manglande avvikshandtering

Det blir ikkje registrert avvik på ytre miljø på Daltveit vassverk. Prosedyren for avvik omtaler berre helse som risiko, ikkje miljø.

Avvik 3: Kommunen har mangelfull handtering av kjemikal

Avvik frå:

- Produktkontrollova §§ 3 og 3a
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6

Kommentar til regelverket:

Plikt til aktsemd

Kommunen må vise aktsemd ved lagring og bruk av kjemikalier, og treffe rimelege tiltak for å førebygge og avgrense utslepp.

Substitusjonsplikta

Ei verksemd er sjølv ansvarleg for aktivt å vurdere dei kjemikaliane ein brukar. Mindre skadelege alternativ skal veljast dersom dette kan gjerast utan urimeleg kostnad og ulempe.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Manglande skriftleg dokumentasjon på substitusjonsvurderingar

Kommunen hadde ikkje kjennskap til produktkontrollova og substitusjonsplikta. Det er ikkje gjort substitusjonsvurderingar, eller laga skriftlege rutinar for substitusjon.

Sikkerhetsdatablad

Kommunen har sikkerhetsdatablad på produkta som blir nytta. Datablada var til dels svært gamle. Vi vil opplyse om at nye krav til sikkerhetsdatablad gjeld i Noreg frå 10. april 2013. Det er til dømes innført nye faresymbol. Dette er gjennomført i samband med Noregs oppfyljing av EUs kjemikalierregelverk REACH. Fleire overgangsordningar gjeld. De må kontakte kjemikalieleverandørane, slik at de er sikra oppdaterte sikkerhetsdatablad etter gjeldande regelverk.

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Kjemikalielagring og -handtering utan oppsamlingsløsning

Kommentarar:

Kjemikal vart lagra i IBC-tank innandørs. Det var plassert papptallerken under tappekranen på tanken. Tallerken er ikkje ein god oppsamlar av kjemikaliesøl. Sjå bilete 2.

9. Andre forhold

Avfallsdeklarering.no

Kommunen oppgjer at dei ikkje genererer farleg avfall frå vassverket. Dersom dette skulle endra seg opplysar vi om at i mai 2015 opna avfallsdeklarering.no, det nye elektroniske systemet for deklarasjonssystemet for farleg avfall. Nettsida er den elektroniske erstatninga for det papirbaserte deklarasjonssystemet for farleg avfall. Les meir på [Miljødirektoratets nettside](http://Miljodirektoratets.nettside).

10. Bilete

Bilete tatt under befaring på tilsynet 17. august 2016.



Bilete 1. Manglande ventil frå fordrøyningstank.



Bilete 2: Manglande oppsamling under tank med kjemikal.